

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: Styret for Helse Vest RHF 04.03.2009, 08:30 – 15:00
 Møtestad: Helse Vest RHF, Nådlandskroken 11, Stavanger

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret:	Forfall:
Oddvard Nilsen	Kari Oftedal Lima
Leiar	Nestleiar
Helge Espelid	
Medlem	
Gisle Handeland	
Medlem	
Torhild Selsvold Nyborg	
Medlem	
Lise Karin Strømme	
Medlem	
Gerd Dvergsdal	
Medlem	
Aslaug Husa	
Medlem	
Ohene Aboagye	
Medlem	
Gro Skartveit	
Medlem	
Reidun Johansen	
Medlem	
Gunnar Berge	
Medlem	
Nils P. Støiva	
Medlem	

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerende direktør Herlof Nilssen

Viseadministrerende direktør Helge E. Bryne

Fagdirektør Odd Søreide

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen

Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal

Konstituert eigardirektør Ivar Eriksen

Torunn Nilsen seniorrådgivar

Saker:

019/09 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
020/09 B	Godkjenning av protokoll frå styremøte 4.02.2009 og telefonstyremøte 17.02.2009
021/09 O	Administrerende direktør si orientering
022/09 B	Rapportering frå verksemda per 31. desember 2008
009/09 B	Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 27. januar 2009
023/09 B	Styringsdokument 2009 for helseføretaka og Helse Vest IKT AS
024/09 B	Budsjett 2009 for Internrevisjonen - oppretting av ny stilling
025/09 B	Budsjett 2009 for Helse Vest RHF - administrasjonen
026/09 B	Konsernbudsjett 2009 og justering i inntektsramma til helseføretaka
027/09 B	Investeringsbudsjett 2009 og lån 2009
028/09 B	Årleg melding for 2008
029/09 B	Organisering av delprosjekt nasjonalt selskap for pasientreiser
030/09 B	Eventuelt

Presentasjon av behandlingstilbod og utfordringar innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling i helseregion Vest, ved fagleg leiar for Regionalt Kompetansesenter for Rusmiddelforskning i Helse Vest (KORFOR), Sverre Nesvåg

Sverre Nesvåg orienterte om behandlingstilbodet til pasientar med behov for tverrfagleg spesialisert rusbehandling i Helse Vest.

Lysark er utsendt til styret.

019/09 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Kommentarar:

Styreleiar orienterte om at det er gjennomført val av nye styremedlemmer valt av og blant dei tilsette, med verknad frå 1. mars. Signert protokoll frå valstyret er overlevert styret.

Inger Hamborg og Eli Moldeklev går ut av styret. Lise Karin Strømme og Reidun Nyborg Johansen går inn som nye styremedlemmer. Helge Espelid og Aslaug Husa fortsetter i ein ny periode.

Forfall:

Kari Oftedal Lima hadde meldt forfall til møtet

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

Til sak 023/09 B Styringsdokument 2009 for helseføretaka og Helse Vest IKT AS

Vedlegg: Notat – Drøfting av styringsdokumenta 2009

Til sak 028/09 B Årleg melding for 2008

Vedlegg: Uttale til årleg melding 2008 Helse Vest RHF frå regionalt brukarutval

Vedlegg: Det regionale brukarutvalet i Helseregion Vest – Årleg melding for 2008

Ny sak 031/09 B Høyring – forslag om endring av helsepersonellova § 53 om spesialistgodkjenning av helsepersonell

Skriv og meldingar:

- Kopi av brev frå Helse Bergen HF til NOFUS avd. Hordaland, dagsett 26.02.09 "Nedskjæringer i Helse Bergen "
- Kopi av brev frå NOFUS avd. Hordaland til Helse Bergen HF, dagsett 23.02.09 "Nedskjæringer i Helse Bergen"
- Brev frå Helse Førde HF til Helse Vest RHF, dagsett 01.03.09 "Økonomiske krav"
- Brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet til Helse Vest RHF, dagsett 25.02.09 "Målform i elektronisk postjournal og ved taleattkjenning i medisinsk dokumentasjon"
- Brev frå Medisinsk Mållag til Helse Vest RHF, dagsett 15.02.09 "Taleattkjenning i medisinsk dokumentasjon"
- Brev frå Medisinsk Mållag til Helse Vest RHF, dagsett 15.02.09 "Målform i ny elektronisk pasientjournal i Helse Vest"
- Brev frå Helse Stavanger HF til Helse Vest RHF, dagsett 25.02.09 "Henstilling om at nybygg for BUPA i Stavanger ikke utsettes"

Skriv og meldingar Uts. Off.:

- Brev frå Helse Vest RHF til Riksrevisjonen, dagsett 20.02.09 "Avtale med rekrutteringsbyrået Paragona" Uts. Off

Eventuelt:

Følgjande saker vart melde til eventuelt:

Styremøte i Danmark 1. april i høve til offentleglova (TSN)
Handtering av "raude saker" (AH)

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

020/09 B Godkjenning av protokoll frå styremøte 4.02.2009 og telefonstyremøte 17.02.2009

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 4. februar 2009. Styret godkjende og underteikna protokollen frå telefonstyremøte 17. februar 2009.

021/09 B Administrerande direktør si orientering

1. Korridorpasientar – Sandviken

I desember 2008 og januar 2009 har det vore ein korridorpasient per døgn ved Sandviken. I februar har det vore 0,3 korridorpasient per døgn. Det har vore problem knytt til reetablering av bufferkapasitet. Oppfølging tilsvarande det ein etablerte for Sandviken i perioden september 2007 til april 2008, med dagleg rapportering til Helse Vest og møte kvar veke er reetablert. Styret presiserte at det ikkje skal vere korridorpasientar ved Sandviken og at vidare tiltak må følgjast tett opp. Styret ønskjer fortløpande orientering om situasjonen.

2. Korridorpasientar – Helse Stavanger HF

Talet på korridorpasientar i Helse Stavanger HF har i veke 9 gått ned til 20 pasientar på korridor per døgn. Det er ingen auke i bruk av pasienthotellet. Tilsynet følgjet situasjonen tett. Styret i Helse Stavanger HF har i ekstraordinært styremøte oppretta 30 nye senger. Etablert prosjekt med mål om å auke bruken av pasienthotellet nærmar seg slutt. Styret ba om å få framlagt rapporten samt ei grundig orientering pasienthotellet i Stavanger. Styret viste til vedtak i sak 085/08 B Korridorpasientar i Helse Stavanger HF pkt 4, og ba om vedvarande tett oppfølging frå Helse Vest si side i samsvar med vedtaket. Styret ønskjer fortløpande orientering om situasjonen.

3. Nevrokirurgi i Helse Vest

Helse Bergen HF har til no følgt opp dei rapporteringsrutinane som er vedtekne og desse syner at det er sikra god vaktdekning i Stavanger ut mai 2009. Vidare arbeider ein med å sikre ei nærare fagleg integrering og betre samarbeid mellom dei to avdelingane. Dette arbeidet går framleis seinare enn ønskeleg. Det er sett i gang prosessar med å få opp tidfesting av vidare framdrift og prosess i løpet av mars 2009.

4. Fordeling av forskningsmidlar i Helse Vest

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

6. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

7. Oversikt over høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

022/09 B Rapportering frå verksemda pr 31. desember 2008

Kommentarar:

Denne rapporten er ei førebels rapportering frå verksemda pr. 31. desember 2008. Det er framleis usikkerheit i tala og rekneskapen har ikkje blitt gjennomgått av revisor enno.

Vi gjer vidare merksam på at denne rapporteringa er noko amputert då Helse Stavanger HF ikkje har klart å framskaffe grunnlagstal for indikatorane. Dette skuldast problem i samband med overgangen til eit nytt pasientadministrativt system. For indikatorane som omhandlar aktivitet innan somatikk og psykisk helsevern vil det difor bli nytta prognosetal for Helse Stavanger, med den usikkerheit som det medfører.

Aktivitet:

Dei foreløpige tala syner at den akkumulerte somatiske aktiviteten målt i talet på produserte DRG-poeng var 1,3 % høgare ved utgangen av 2008 enn den var ved utgangen av 2007. Gjennom heile 2008 er det berre Helse Bergen av dei fire helseføretaka som har hatt ein høgare DRG-produksjon enn i 2007.

Per desember 2008 var aktivitetsnivået innan somatisk poliklinisk behandling 3,8 % høgare enn året før. Alle dei fire HF-a viser ein vekst i aktiviteten i 2008.

Ventetid:

Den gjennomsnittlege ventetida for alle ventande er tilnærma uendra innan somatikken frå oktober til desember 2008. Den gjennomsnittlege ventetida var 132 dagar for alle ventande ved utgangen av desember 2008. Dette er 31 dagar meir i gjennomsnitt enn ved utgangen av desember 2007.

Økonomi:

Førebels resultatprognose for 2008 viser eit negativt avvik på om lag kr 126 mill. Dette er om lag kr 17 mill dårlegare enn årsprognosen som blei rapportert pr. november. Av helseføretaka er det berre Helse Bergen som har klart eit betre resultat i desember. Det største avviket ligg på Helse Stavanger med tilnærma kr 40 mill dårlegare resultat. Deretter følgjer Helse Førde og Helse Fonna med avvik på høvesvis kr 26 mill og kr 14 mill dårlegare enn prognosen frå november. Dei negative avvika blir her redusert med eit positivt avvik i RHF-et sett i forhold til prognosen pr. november.

Førebels resultatprognose for 2008:

	Estimat hele året			Prognose november	Avvik mot november-prognose
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik		
Apoteka Vest	9 000	5 070	3 930	9 000	0
Helse Bergen	-232 422	-121 804	-110 618	-246 009	13 587
Helse Fonna	-64 118	-45 446	-18 672	-49 928	-14 190
Helse Førde	-146 599	-74 369	-72 230	-120 442	-26 157
Helse Stavanger	-152 502	-79 574	-72 928	-113 000	-39 502
Helse Vest RHF	346 315	204 177	142 138	295 079	51 236
Helse Vest IKT	2 500	-54	2 554	4 268	-1 768
Sum	-237 826	-112 000	-125 826	-221 032	-16 794

Likviditet:

Helse Vest har ved utgangen av året eit samla trekk på kr 1,5 mrd.

Likviditetsbudsjettet for 2009 viser førebels ei likviditetsutfordring dei siste 3 månadene av året når KLP reguleringspremie skal betalast. Årsaka heng hovudsakeleg saman med at underskotet i 2008 gjev ei tilsvarande likviditetsutfordring inn i 2009. Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover og om nødvendig må det treffast ytterlegare tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

Medarbeidarar:

Sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest for januar 2009 var 7,0%.

Per januar var det 41,7% av einingane som hadde eit sjukefråvær på 4,5% eller lågare.

Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest var 16 256 for januar 2009, ein nedgang 138 frå desember 2008.

Omdømme:

I januar svarer 82 prosent at dei har svært eller ganske stor tiltru til tenestene. I desember 2008 var talet 80. Endringa er ikkje stor nok til å vere statistisk signifikant, og må difor tolkast som ei stabilisering på desember-nivået.

Styret var svært uroa over den negative resultatutviklinga i helseføretaka. Styret presiserte at det skal gjennomførast ein grundig gjennomgang og kvalitetssikring av HF-a sine budsjett for 2009, for å sikre at budsjetta tek høgde for risiko og er i samsvar med økonomisk bæreevne i 2009. Styret vil komme tilbake til vidare handtering av dette arbeidet i neste møte.

Styret ønskte og å få eit notat om sjukefråvær i føretaksgruppa, kva tiltak som er sett i verk for å redusere sjukefråveret, og kva resultat som er oppnådd.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok førebels rapportering frå verksemda per 30. desember 2008 til etterretning.

009/09 B Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 27. januar 2009

Kommentarar:

Tysdag 27. januar 2009 blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Føretaksmøtet er Helse Vest RHF sitt øvste organ, og det er der eigar utøvar sin eigarmyndigheit.

I føretaksmøtet formidla eigar styringsbodskapen for 2009 og presenterte dei styringskrav som gjeld for 2009.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokollen frå føretaksmøte 27. januar 2009 til etterretning.

023/09 B Styringsdokument 2009 for helseføretaka og Helse Vest IKT

Kommentarar:

Gjennom styringsdokument vil Helse Vest RHF gi helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2009. Styringsdokumenta skal klargjere dei premisser og rammer som gjeld for verksemda og inneheld resultatkrava som blir stilte til helseføretaka. I styringsdokumenta blir det og stilt krav til korleis helseføretaka gjennom rapportering og årleg melding skal gjere greie for korleis styringsdokumenta og dei krav som her blir stilt, har blitt følgd opp eller blir planlagd følgd opp. Heilskapleg rapportering skal skje i eigarlinja.

Det er alvorleg at prognosane indikerer at helseføretaksgruppa heller ikkje i 2008 vil nå det økonomiske resultatkravet frå eigar. Helse Vest vil derfor oppretthalde den dialogen med helseføretaka som er etablert i forhold til økonomistyring og vil halde fram med oppfølgingsmøta mellom styreleiar og administrerande direktør i Helse Vest RHF og helseføretaka kvar månad.

For å sikre realistisk budsjettering og sikre at budsjetta innehar nødvendige omstillingstiltak har Helse Vest RHF dessutan oppretta ei regional budsjettgruppe som skal vurdere og kvalitetssikre budsjetta for med det å bidra til at helseføretaka i 2009 faktisk leverer resultat som med størst mogleg sikkerheit er i tråd med resultatkrava.

I tillegg skal helseføretaka opprette ei rådgivande balansegruppe som skal bidra til at helseføretaka i 2009 styrer drifta av verksemdene innafor dei budsjetttrammene som er sette og på denne måte bidra til at ein oppnår ein sunn og berekraftig styring av ressursane i åra som kjem.

Det er gjennomført drøfting av styringsdokumenta for 2009 med konserntillitsvalde og vernetenesta.

Styret slutta seg til dei endringane som gjekk fram av utdelt notat.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokument for 2009 til Helse Førde HF, med dei endringar som kom fram i møtet.

Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokument for 2009 til Helse Bergen HF, med dei endringar som kom fram i møtet.

Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokument for 2009 til Helse Fonna HF, med dei endringar som kom fram i møtet.

Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokument for 2009 til Helse Stavanger HF, med dei endringar som kom fram i møtet.

Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokument for 2009 til Apoteka Vest HF, med dei endringar som kom fram i møtet.

Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokument for 2009 til Helse Vest IKT AS, med dei endringar som kom fram i møtet.

024/09 B Budsjett 2009 for Internrevisjonen - oppretting av ny stilling

Kommentarar:

På møte i revisjonskomiteen 07.04.08 ved behandling av sak 07/08 Revisjonsplan 2008 – 2010 blei mellom anna følgjande protokollert:

Komitéeiar Kari Oftedal Lima bad om ei vurdering knytt til spørsmålet om kjøp av tenester og eigne resursar/bemannning i internrevisjonen

Denne problemstillinga saman med andre spørsmål blei tatt opp i ny sak til møte etterpå og følgjande kan siterast frå saksframlegget:

Kjøp av tenester og eigne resursar/bemannning. Problemstillinga er kort omtalt i planforslaget og går kort sagt ut på kor mykje skal ein kjøpe inn av konsulenttenester og kor mykje skal ein ha av fast bemanning. Spørsmålet er drøfta med AD RHF og vi er einige om at vi treng litt meir erfaringsgrunnlag for å vurdere dette. Internrevisor vil leggja fram eigen sak om dette på eit seinare tidspunkt, til dømes hausten/vinteren.

Denne saka er delvis ei tilbakemelding på dette og delvis ei orientering om forslag til budsjett for internrevisjonen.

Forslag til budsjett 2009 for Internrevisjonen:

Internrevisor	Regn Sep	Fremskr.	Budsjett 08	Avvik	Budsjett 09
33 - Offentlig avgift vedr. omsetning		-	0	0	
3 - Salgs- og driftsinntekt		-	0	0	
5 - Lønnskostnad	665 841	887 788	1 059 676	171 888	1 080 171
(6720V) Konsulenttenester	-	-		-	
67 - Fremmed tjeneste	-	-	3 000 000	3 000 000	3 132 000
68 - Kontorkostnad, trykksak o.l.		-	37 300	37 300	38 941
(6901) Telefon, internett, ADSL - ansatte	1 709	2 279		-2 279	
69 - Telefon, porto o.l.	1 709	2 279		-2 279	
6 - Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	1 709	2 279	3 037 300	3 035 021	3 037 300
(7100V) Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	2 192	2 922		-2 922	
(7140V) Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	21 337	28 449		-28 449	
(7150V) Diettkostnad, oppgavepliktig	1 230	1 640		-1 640	
71 - Kostnad og godtgjørelse for reise, diett, bil o.l.	24 758	33 011	75 000	41 989	75 000
7 - Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	24 758	33 011	75 000	41 989	75 000
Sum kostnader før klasse 8/9	692 309	923 078	4 171 976	3 248 897	4 192 470
Resultat før klasse 8/9	692 309	923 078	4 171 976	3 248 897	4 192 470
Sum kostnader	692 309	923 078	4 171 976	3 248 897	4 192 470
Resultat	692 309		4 171 976	4 171 976	4 192 470

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtok forslag til budsjett for internrevisjonen. Internrevisjonen blir utvida med ei stilling. Kostnadene blir dekte ved ei omdisponering frå Fremmed teneste/kjøp av konsulentteneste.

025/09 B Budsjett 2009 for Helse Vest RHF - administrasjonen

Kommentarar:

Styret i Helse Vest vedtok under styresak 107/08 Inntektsfordeling 2009, inntektsramma for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for administrasjonen på kr 96,6 mill inkl. løns- og rekneskaps-senteret (LRS). Det er i budsjettforslaget frå administrasjonen lagt inn fem ekstra årsværk i administrasjonen. Helse Vest vil og etter denne auken i årsværk være det regionale helseføretaket som har færrest stillingar både i relative og absolutte termer. Administrasjonen la fram følgjande budsjettforslag:

Budsjett for Administrasjonen 2009	Budsjett 08 inkl. LRS	Budsjett 09 inkl. LRS	Budsjett 2009 for LRS	Vekst ekskl LRS
3 - Salgs- og driftsinntekter	-4 441	-6 219	-6 219	
50a - Lønn tilsette	29 292	30 056	3 309	4,9 %
50b - Lønn nye årsværk	-	4 576	1 026	
52 - Fordel i arbeidsforhold	5	5	-	0,0 %
53 - Annen oppgavepliktig godtgjørelse	1 930	1 930		0,0 %
54 - Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	9 137	11 120	1 161	23,3 %
55 - Annen kostnads godtgjøring				
56 - Arbeidsgodtgjørelse til eiere o.l.	1 348	1 448	300	0,0 %
58 - Offentlige refusjon vedr. arbeidskraft	-350	-350		
59 - Annen personalkostnad	694	694	20	0,0 %
5 - Lønnskostnad	42 056	49 479	5 816	18,1 %
60 - Av- og nedskrivning	802	802	-	0,0 %
63 - Kostnad lokaler	4 746	4 883	262	4,4 %
64 - Leie maskiner, inventar o.l.	123	129		4,4 %
65 - Verktøy, inventar og driftsmaterialer	600	776	-	29,4 %
66 - Reparasjon og vedlikehold	130	136		4,4 %
67 - Fremmed tjeneste	31 201	35 584	2 200	8,0 %
68 - Kontorkostnad, trykksak o.l.	2 326	2 728	-	17,3 %
69 - Telefon, porto o.l.	1 868	1 966	150	3,3 %
6 - Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	41 795	47 004	2 612	8,0 %
71 - Kostnad og godtgjørelse for reise, diett, bil o.l.	4 755	4 335	100	-9,0 %
73 - Salgs-, reklame- og representasjonskostnad	1 591	1 591		0,0 %
74 - Kontingent og gave	62	64		4,4 %
77 - Annen kostnad	210	354	200	0,0 %
75 - Forsikringspremie, garanti- og servicekostnad	30	31		4,4 %
7 - Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	6 647	6 375	300	-6,4 %
SUM DRIFTSKOSTNADER	90 498	102 858	8 728	11,3 %
RESULTAT	86 057	96 639	2 508	11,3 %

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtok budsjett 2009 for administrasjonen til Helse Vest RHF i samsvar med framlagt forslag, men med følgjande endring:

Det blir oppretta 3 nye stillingar: ein innan internrevisjon, ein knytt til kvalitetsarbeid og ei stilling innan eit av områda analyse/innkjøp/systemarkitektur.
Den samla stillingsramma i RHF-administrasjonen blir då 44 stillingar.

Frigjorde midlar til stillingar som ikkje blir oppretta blir flytta til reserveposten.

026/09 B Konsernbudsjett 2009 og justering i inntektsramma til helseføretaka

Kommentarar:

Helse Vest la i møtet den 5. november 2008 fram sak 107/08 B Inntektsfordeling 2009 og resultatkrav 2009.

Helseføretaka har med basis i inntektsramma 2009 samt fastsett resultatkrav no behandla og vedtatt sine budsjett for 2009 i dei respektive styra. Det blir her gjort oppmerksom på at Helse Bergen behandlar sitt budsjett den 31/1-09 etter at denne saka er sendt ut. Helse Vest legg med basis i desse vedtaka fram sak om konsernbudsjett 2009 samt likviditetsbudsjett.

Denne saka tek og opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå eigar og som ikkje var innarbeida i sak om inntektsfordeling 2009.

I tillegg blir det gjort fordeling av budsjettpostar som ikkje var tatt omsyn til i sak 107/08 B.

Administrerande direktør legg med dette fram forslag til konsernbudsjett 2009 med eit positivt resultat på kr 53 mill. Resultatkravet frå eigar er eit resultat i balanse. Helse Stavanger og Helse Bergen har i sine budsjett lagt opp til positive resultat for å kunne utvikle verksemda og møte det framtidige investeringsbehovet.

Styret presiserte at det skal gjennomførast ein grundig gjennomgang og kvalitetssikring av HF-a sine budsjett for 2009, for å sikre at budsjetta tek høgde for risiko og er i samsvar med økonomisk bæreevne i 2009.

Vedtak (samrøystes):

1. Konsernbudsjett 2009 for føretaksgruppa Helse Vest blei vedtatt med følgjande resultatbudsjett for føretaka:

Tal i heile mill.	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Kjøp av helsetenester	Helse Vest administrasjon	Konsern
Resultat 2009	20,0	0,0	25,0	-40,0	7,8	0,1	40,0	0,0	52,9

2. Inntektsramma som blei vedtatt under sak 107/08 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2009 sak 107/08 B	3 878 874	2 210 615	6 005 545	1 801 658	2 699 625	16 596 317
Justering av overslagsløyving ISF	-20 061	-3 021	47 231	-12 464	-23 348	-11 662
Prosjekt pasientreiser - føreset finansiering frå staten					25 000	25 000
Overført LAR til Helse Fonna		8 558			-8 558	0
Overført Feiring til HF - basisramme	7 497	4 529	877	6 802	-19 706	0
Hjertekirurgi Helse Bergen (tall kvalitetssikres)			2 000		-2 000	0
Regional eining for rehabilitering ved alvorleg hovudskade			11 000		-11 000	0
Regionalt kompetansesenter - habilitering/rehabilitering			1 500		-1 500	0
Styrking av habiliterings- og rehabiliteringstenesta	5 207	3 115	7 131	2 048	-17 500	0
Styrking av rusområdet i Hfa	5 000	7 000	7 000	Avklarast seinare	-19 000	0
Traumesystem i Helse Vest	250		480		-730	0
Nevrokirurgisk verksemd			2 500		-2 500	0
Trekk i basisramma som følgje av lågare pensjonskostnad	-34 315	-2 356	-26 291	-4 866	67 828	0
Oppdatert inntektsramme frå staten:						
Habilitering og rehabilitering og tiltak rusmiddelavhengige					4 091	4 091
Basisramme - korrigert for endelig basisramme					-1 000	-1 000
Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukemelde			5 600		78 000	83 600
Sum endringar	-36 422	17 825	59 029	-8 481	68 077	100 029
Oppdatert inntektsramme 2008	3 842 452	2 228 440	6 064 574	1 793 177	2 767 702	16 696 346

3. Administrerande direktør kan føreta nødvendige omdisponeringar av budsjettpostane innafor den totale budsjettamma.
4. Styret ber HF-a treffe nødvendige tiltak for å sikre at produksjonen i helseføretaka blir lagt opp i tråd med bestillinga for 2009. Bestillinga på DRG poeng og endringane som

følgjer av denne saka skal innarbeidast i HF-a sine budsjett. Dersom bestillinga påverkar resultatkravet må det setjast i verk ytterlegare tiltak for å sikre eit resultat i tråd med pkt. 1.

5. Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå budsjettbalanse og sørge for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.
6. Styret ber administrerande direktør følgje opp likviditeten og treffe nødvendige tiltak dersom likviditeten ikkje er tilstrekkeleg.
7. Bestilling av DRG poeng frå Helse Fonna er auka med 1200 DRG poeng. Den justerte bestillinga er innarbeidd i inntektsrammene til Helse Fonna.
8. Styret ber HFa følgje opp tilrådingane frå budsjettgruppa for å sikre at dei klarer resultatkravet for 2009.

Helse Stavanger

- Identifisere og iverksette ytterlegare tiltak tilsvarande kr 60 mill
- Tilpasse aktivitetsnivået i tråd med bestillinga.
- Gjennomgå og erstatte tiltak som har heng saman med auka aktivitetsnivå.
- Ferdigstille allereie vedtatt tiltakspakke og konkretisere tiltak ned på lågaste nivå.
- Gjere greie for veksten i månadsverk og samanheng mot lønnsbudsjettet.
- Etablere reserve enten i form av budsjettpost eller ytterlegare tiltak.

Helse Fonna

- Identifisere og iverksette ytterlegare tiltak tilsvarande kr 18 mill.
- Tilpasse aktivitetsnivået i tråd med bestillinga.
- Utarbeide og konkretisere tiltak ned på lågaste nivå.

Helse Bergen

- Identifisere og iverksette ytterlegare tiltak for kr 15 mill
- Utarbeide og konkretisere tiltak ned på lågaste nivå. Dersom de allereie identifiserte tiltaka ikkje er iverksett pr. januar må en hente inn manglande realisering dei resterande månadene.
- Få oversikt over månadsverk og implementere dette i oppfølginga og månadsrapporteringa.
- Iverksette tiltaksrapportering, oppfølging av avvik og samtidig ha fokus på resultat per klinikk/avdeling.
- Ha fokus på å etterprøve kvaliteten i tiltaksrapporteringa

Helse Førde

- Tilpasse aktivitetsnivå i tråd med bestilling.
- Implementere ytterlegare tiltak på 60 mill.
- Helse Førde har låg realiseringsgrad historisk sett, og må få større realisme i tiltaka.
- Få tilstrekkelig forankring av tiltak i organisasjonen og forbetre gjennomføringsevna.

9. Det blir samtidig understreka at HF-a må følgje nøye opp uføresette forhold som oppstår og som påverkar resultatet i negativ retning og ha beredskap for å handtere dette.
10. Styret ber administrasjonen i Helse Vest gjere ein ny gjennomgang av budsjetta til HF-a på eit meir detaljert nivå, før påske og med rapportering til Helse Vest styret innan utgangen av april. Gjennomgangen skal dels vere ei kvalitetssikring, men ein kan og tenkje seg arbeid med å identifisere nye tiltak.

027/09 B Investeringsbudsjett 2009 og lån 2009

Kommentarar:

Styret i Helse Vest behandla i møte den 12.12.2008 sak 121/08 B Investeringar - tilpassing av investeringsplanar i høve til finansielt og driftsmessig grunnlag (nytt investeringsregime). Helseføretaka har med bakgrunn i denne saka utarbeidd revidert investeringsbudsjett for 2009 samt 5 årig investeringsplan.

Det er framleis usikkerheit knytt til 5 årig investeringsplan både når det gjeld investeringsnivå og finansieringsmuligheit. Helse Vest skal fram mot sommaren legge fram eiga sak om langtidsbudsjett. I denne saka vil og 5 årig investeringsplan bli behandla.

Denne saka gjeld derfor utelukkande investeringsbudsjettet for 2009 og det finansielle grunnlaget som ligg for gjennomføring av investeringane i 2009.

Investeringsramma til helseføretaka vil i hovudsak vere avgrensa til dei likvide midla dei klarer å skape gjennom drifta. I tillegg har Helse Vest fått lån på kr 40 mill til Haukeland sjukehus. Lånet blir gitt til ferdigstilling av laboratoriebygget ved Helse Bergen.

Styret understrekte alvoret i at budsjetta i helseføretaka må haldast. Likviditetssituasjonen er kritisk frå oktober av. Eventuelle avvik i resultatet får direkte innverknad på investeringsramma og helseføretaka må planlegge investeringane på ein slik måte at det er mulig å styre investeringane innafor tilgjengeleg likviditet.

Vedtak (samrøystes):

1. Helse Vest vedtok følgjande investeringsrammer for helseføretaka:

Beregning	Investeringsramme 2009	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	IKT	Apoteka	RHF	SUM
Budsjettert resultatkrav HF		20		25			8		53
Resultatavvik November (i forhold til nytt resultatkrav)		-33	-5	-124	-46	4	4	91	-109
Avskrivningar		189	116	416	97	74	3	3	898
Nye lån				40					40
Avdrag lån (førebel's estimat)		-36	-11	-29	-8				-84
Førebel's IKT investeringar 2009		-45	-19	-142	-16	222			0
Korreksjon for avskrivning IKT		21	12	31	9	-74			0
Finansieringsgrunnlag - NOV		116	93	217	36	226	15	94	798
Resultatavvik desember		-40	-14	14	-26	-2	0	51	-17
Finansieringsgrunnlag - DES		76	79	231	10	224	15	145	781
Omfordeling likviditet til EPJ				42				-42	0
Omfordeling likviditet til Stavanger		57						-57	0
Omfordeling likviditet til Førde					24			-24	0
Foreløpig Investeringsramme 2009 (HF investeringar)		133	79	273	34	224	15	22	781

2. Helseføretaka må med basis i ramma og føringane i denne saka snarast vedta sitt investeringsbudsjett 2009.
3. Helseføretaka kan ikkje gå ut over rammene i punkt 1 og må ved avvik i eit prosjekt straks gjere endringar slik at det ikkje blir overskridingar på investeringsramma i 2009.

028/09 B Årleg melding for 2008

Kommentarar:

Helseføretakslova § 34 og vedtektene for Helse Vest RHF § 15 slår fast at Helse Vest skal utarbeide ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet som inneheld styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for året som var.

Årleg melding er bygd opp etter mal frå Helse- og omsorgsdepartementet (brev av 24.11.2008), og er delt inn to hovuddelar; Styret sin rapport for året som var (kapittel 2) og styret sitt plandokument (kapittel 3). I tillegg har dokumentet ei innleiing der Helse Vest sitt strategidokument Helse 2020 og hovudområda for styring og oppfølging i 2008 blir omtala.

I styret sin rapport blir det gitt ei relativt detaljert tilbakemelding på oppfølginga av styringskrava i oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet til Helse Vest RHF (punkt 2.1), og på styringskrava stilt i føretaksmøtet i Helse Vest RHF 25. januar 2008 (punkt 2.2.).

Plandokumentet er av strategisk og overordna karakter og viser hovudtrekk i den framtidige drifta til verksemda innanfor dei rammevilkåra som er gitt. I plandokumentet blir det også gjort greie for korleis utviklinga i folkesetnaden, helsetilstanden til folk, den medisinske teknologien og forventingane til helsetenestene vil påverke behovet for å utvikle og endre tenestene og måten verksemda blir driven på.

Utkast til årleg melding for 2008 er sendt til det regionale brukarutvalet. Uttale frå brukarutvalet og årleg melding frå regionalt brukarutval blei lagt fram i møtet.

Styret ønskte følgjande endringar i forslag til Årleg melding:

Side 20 – Utdjupe kva som ligg i usikkerheit til tal i poliklinikk.

Side 18 – Korrigere %-del keisarsnitt i Helse Bergen HF

Side 47 – Legge inn tilsvarande dokumentasjon om lærlingar innan helsefag.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende årleg melding for 2008, med dei endringar som kom fram i møtet og oversender meldinga til Helse- og omsorgsdepartementet.

029/09 O Organisering av delprosjekt nasjonalt selskap for pasientreiser

Kommentarar:

Denne saken er felles for alle RHF-ene.

Etablering av nytt selskap for pasientreiser er vedtatt lokalisert til Skien. I den forbindelse har Helse Sør-Øst RHF fått ansvar for å etablere selskapet på vegne av de fire regionale helseforetakene. Delprosjekt for nasjonalt selskap er organisert i samsvar med de prosesser som må på plass for å sikre en god etablering.

Regjeringen kunngjorde den 18. november 2008 det nasjonale selskapet for pasientreiser at de hadde vedtatt å legge enheten til Skien. Regjeringen kunngjorde også at tjenesten ville bli organisert med et felles nasjonalt kontor og flere regionale saksbehandlersteder.

Som følge av vedtaket har Helse Sør-Øst RHF fått ansvaret med å etablere selskapet. Det legges opp til at selskapet eies av de fire regionale helseforetakene med en lik eierandel.

Helse Vest sin andel av det totale prosjektet (både nasjonalt selskap og den regionale delen av prosjektet) er i 2009 på 25 millioner kroner. I forslag til budsjett for 2009 er beløpet forutsatt dekket av staten. Dersom dette ikke blir en realitet så vil en måtte bruke av budsjettreserven.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok redegjørelsen om organisering av delprosjekt nasjonalt selskap for pasientreiser til orientering.

031/09 B Høyring – forslag om endring av helsepersonellova § 53 om spesialistgodkjenning av helsepersonell

Kommentarar:

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring eit forslag om å endre helsepersonellova.

Forslag til høyringsuttale frå Helse Vest RHF

Helse Vest RHF støttar forslaget om at Helsepersonellova § 53 bør endrast slik at Helsedirektoratet ikkje lenger kan delegera godkjenningsmynde til private yrkesorganisasjonar når det gjeld offentleg spesialistgodkjenning av helsepersonell.

Helse Vest vil peike på at det er eit svakt punkt i høyringsnotatet at forslaget er sett fram utan diskusjon om korleis det faglege kvalitetssikringsarbeidet som er inkludert i dagens ordning skal fortsette.

Helse Vest RHF vil understreke at spesialistutdanninga av legar fortsett må organiserast i nær kontakt med dei kliniske fagmiljøa. Utarbeiding og kontinuerlig oppdatering av spesialistkrava, faglig overvaking/godkjenning av utdanningsinstitusjonane og, ikkje minst, legane sitt engasjement i utviklinga av spesialistutdanninga er viktige premisser for eit godt fagleg kvalitetssikringssystem. På dei medisinske fagområda er det ei kontinuerleg utvikling med endringar og utfordringar så vel kunnskapsmessig som utstyrmessig. Vi ser det som viktig å ha aktive fagmiljø som følgjer med i denne utviklinga og som vil vera aktive med å spele inn nødvendige endringar i spesialiseringssystemet.

Helse Vest RHF legg til grunn at eit høgt nivå og god kvalitet på spesialistutdanninga fortsett må sikrast og vidareutviklast.

Vedtak (samrøystes):

Helse Vest RHF gir høyringsuttale i tråd med forslag tatt inn i saksførelegget.

030/09 B Eventuelt

Styremøte i Danmark 1. april i høve til offentleglova (TSN)

Styret vart samde om at omsynet til at styremøta skal vere ope møte kan ivaretakast ved at publikum og presse i Noreg blir informerte om ei open telefonlinje til møtet på Helse Vest si nettside.

Handtering av "raude saker" (AH)

Styret ønskte at namn på personar ikkje blei viste i "raude saker"

Orientering om SINTEF-rapport i lukka møte

Administrasjonen orienterte om SINTEF-rapport om framtidig behov for sengetal og rehabiliteringsplassar innan reumatologi.

Det blir lagt fram ei styresak om rapporten og konsekvensar for framtidig behandlingstilbod, etter at institusjonar som vil bli berørte har fått moglegheit til å gjennomgå og kommentere dokumentasjonen.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev til HOD frå Helse Vest RHF, dagsett 13.02.09
"Førebels rapportering frå verksemda – Helse Vest"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Helse Stavanger HF, dagsett 26.01.09
"Oversendelse av endelig rapport fra tilsyn med behandling med legemidler uten eget samtykke - Stavanger Universitetssykehus, psykiatrisk divisjon, A2 12.12. 2008"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Jæren Distriktpsikiatriske Senter, dagsett 23.01.09 "Oversendelse av endelig rapport fra tilsyn med behandling med legemidler uten eget samtykke - Jæren Distriktpsikiatriske Senter, Kløver "
- Kopi av brev frå Jæren Distriktpsikiatriske Senter til Helsetilsynet i Rogaland, dagsett 5.02.09 "Sak 2007/9630 – Manglende oppfølging i Time kommune og Jæren DPS"
- Kopi av brev til Helsetilsynet i Hordaland frå Ravneberghaugen rehabiliteringssenter, dagsett 29.01.09, "Vedrørende besøk fra Helsetilsynet i Hordaland ved Ravneberghaugen rehabiliterings-senter onsdag 29. oktober 2008 - 2 avik påpekt"
- Kopi av brev frå Spesialistkomiteen i barne-sykdommer til Den norske Legeforening, dagsett 26.01.09 "Vedrørende D-stillinger på Barneklubben, Haukeland universitetssykehus"
- Kopi av brev frå HOD til Helse Stavanger HF, dagsett 02.02.09 "Handlingsplan for Parkinsons sykdom i Norge"
- Skriftlig spørsmål frå Bernt Høie (H) til helse- og omsorgsministeren dagsett 09.02.09 – besvart 13.02.09 av helse- og omsorgsminister Bjarne Håkon Hanssen
- Kopi av brev frå HOD til Stortingets president, dagsett 13.02.09 "Spørsmål nr. 660 til skriftlig besvarelse frå stortingsrepresentant Laila Dåvøy – Nedskjæringer i fødetilbudet på Vestlandet"
- Brev frå Den Norske Turistforening til Helse Vest RHF, dagsett 12.02.09 "Forslag til samarbeid om helsebringende prosjekter - Formål: Å få befolkningen i bedre form"
- Brev frå Riksrevisjonen, dagsett 9.02.09 "Kvalitet på den medisinske kodingen i helseforetakene"
Uts. Off.

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møte:

- Kopi av brev frå Helse Bergen HF til NOFUS avd. Hordaland, dagsett 26.02.09
"Nedskjæringer i Helse Bergen "
- Kopi av brev frå NOFUS avd. Hordaland til Helse Bergen HF, dagsett 23.02.09
"Nedskjæringer i Helse Bergen"
- Brev frå Helse Førde HF til Helse Vest RHF, dagsett 01.03.09 "Økonomiske krav"
- Brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet til Helse Vest RHF, dagsett 25.02.09
"Målform i elektronisk postjournal og ved taleattkjenning i medisinsk dokumnetasjon"

- Brev frå Medisinsk Mållag til Helse Vest RHF, dagsett 15.02.09 "Taleattkjenning i medisinsk dokumentasjon"
- Brev frå Medisinsk Mållag til Helse Vest RHF, dagsett 15.02.09 " Målform i ny elektronisk pasientjournal i Helse Vest"
- Brev frå Helse Stavanger HF til Helse Vest RHF, dagsett 25.02.09 "Henstilling om at nybygg for BUPA i Stavanger ikke utsettes"
- Brev frå Helse Vest RHF til Riksrevisjonen, dagsett 20. 02.09 "Avtale med rekrutteringsbyrået Paragona" Uts. Off.

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger 4. mars 2009

Sett:

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Gunnar Berge

Gisle Handeland

Ohene Aboagye

Gerd Dvergsdal

Torhild Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Nils P Støyva

Lise Karin Strømme

Helge Espelid

Reidun Johansen

Aslaug Husa